

Uttale til Fitjar kommune sitt budsjett for 2023 og langtidsplan 2023-2026.

Ungdomsrådet har forståing for at det er ein vanskeleg jobb for politikarane å lage budsjett når det er lite pengar og ta av og store ekstra utgifter for kommunen.

Me vil likevel be dykk om å hjelpe oss med å finne pengar til følgjande budsjettpostar dersom det er mogeleg.

Ungdomsrådet vil prioritere å tilbakeføre følgande nedtrekk av pengar:

Generelt nedtrekk driftsmidlar på skulane i Fitjar kr. 220 000:

Ungdomsrådet ønsker å behalde driftsmidlane til skulane. Desse midlane går til dømes til lærebøker, mat for faget mat og helse, matriell til formingsfaget, kladdebøker og andre ting som trengst til å driva skulen på forsvarleg vis. Me trur det går utover læringa vår dersom me manglar utstyr som me treng til faga.

Øvrebygda skule

Me ønsker å behalde 4 delt skule på Øverbygda som før. Dersom det vert 3 delt skule trur me at det vert for mange klassetrinn samla til at undervisninga skal bli bra nok for dei enkelte elevane

Nedtrekk i vikarbudsjettet til Rimbareid skule med kr. 290 000,-.

Det er uheldig med nedskjering på vikarbudsjettet til Rimbareid skule. Me ønsker at det skal vera god kvalitet på undervisninga me får. Me vil ha faglærde vikarar slik at me får skikkeleg undervisning sjølv om dei fast tilsette lærarane er sjuke.

Basseng

Me ønsker at bassenget skal vera ope i alle vintermånadane. Elevane som bur på Fitjar treng symjeundervisning. Me er ein kystkommune og mange oppheld seg eller bur ved sjøen. Borna sin tryggleik må prioriterast.

Fitjar folkebibliotek nedtrekk i bokbudsjett med kr. 85 000.

Me meiner det er viktig at Fitjar har eit rikt tilbod på bøker både for born og unge. Bokbudsjettet er skore med om lag halvparten av det som det var tidlegare kr. 175 000,-. Dersom barn og unge får tilgang på nye og interessante bøker vil dei sjølvsagt lesa meir. Det vil vera bra for leseferdigheitene og språkkunnskap for resten av livet.

Jordmor på helsestasjonen:

Det har vore vanskeleg å få tak i jordmor i 50% stilling på Fitjar. Det kom framlegg om at jordmorstillinga skulle aukast til 100%. Dette støtter me. Det er viktig at dei gravide slepp å reise heilt til Leirvik for å gå til jordmor. Det er også viktig at det vert full stilling slik at personen ein skal tilsette blir verande i jobben over tid.

Psykisk helse for barn og unge

Ungdomsrådet kjem til å ha mykje fokus på psykisk helse for barn og unge i 2023, me håpar at politikarane vil høyre på oss og støtte oss i dette arbeidet.

Fleire fritidstilbod for uorganisert aktivitet

Det er mange som ønsker seg eit breiare tilbod når det gjeld uorganisert aktivitet for ungdom, til dømes ein fritidsklubb som er opne fleire kveldar i veka med vaksne tilsette. Dette kan vera med å førebygga psykiske problem blant unge. Dette er noko me vil jobba for å få til på sikt og me håpar at politikarane også ser kor viktig dette er.